



Statens vegvesen

Meland kommune
v/ Plan, utbygging og kommunalteknikk
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2015/038888-003

Dykkar referanse:
15/581 - 15/5944

Vår dato:
27.04.2015

Uttale - Planprogram til offentleg ettersyn - Plan 1256200150002 - Områdeplan for Midtmarka og Rotemyra - Meland kommune

Vi viser til dykkar brev datert 23.03.2015 og uttalefrist 07.05.2015.

Planarbeidet er i samsvar med overordna planar og føringar for arealpolitikken. Planområdet er viktig for vegvesenet, då E39 går over Flatøy. Det er viktig at planlegginga av det nye utbyggingsområdet tek omsyn til vegen som går gjennom området, legg til rette for lågt transportbehov og for at mest mogleg av naudsynt transport kan skje som gåing, sykling og kollektivtransport.

Planprogrammet for områdeplanen var oppe som tema i planforum 17.02.2015. Statens vegvesen kom med innspel til eit utkast til planprogram då. Vi set pris på at innspela våre har blitt godt innarbeidd i programmet som no er på høyring.

Innspel til planprogrammet

Vi har no berre innspel til mindre endringar i planprogrammet:

Side 15:

Statens vegvesen har ikkje planar eller planarbeid på gang for 4-felts E39 over Flatøy, men har i samband med Meland kommune sitt arbeid med ny arealdel av kommuneplanen utarbeida ei skisse som viser moglege løysingar for nytt toplanskryss og 4-felts veg tilknytta ny Hagelsundbru. I siste avsnitt om «Kommunikasjon» bør derfor formuleringa *Statens vegvesen har planar om (...)* endrast til *Statens vegvesen har utarbeida skisser for (...)*.

Side 33:

Det er etter vår vurdering trong for ei støyfagleg utgreiing, då store deler av planområdet er dekkja av raud og gul støysone langs E39. Dette er kjend kunnskap, og planprogrammet bør endrast slik at det kjem eintydig fram.

Side 34:

Vi gjer merksam på at ved planlegging og utbygging av vegnettet skal arealbruk og vegfunksjonar vurderast i eit 20 års perspektiv etter vegopning, ikkje 15 år slik det står i planprogrammet. Dette bør rettast opp.

Merknad om vegplanlegging

Planprogrammet omtalar på side 18 behovet for spesialistkompetanse knytt til planarbeidet. Statens vegvesen vil understreke at vegplanlegginga i planarbeidet krev slik kompetanse. Vegvesenet føreset at det faglege arbeidet knytt til vegplanlegginga vert gjort av plankonsulent. Vi vil kunne bidra med faglege råd og innspel, men har ikkje egne ressursar særskilt avsett til dette planarbeidet.

Medverknad

Statens vegvesen ser fram til vidare samarbeid med Meland kommune om planlegging av ny infrastruktur og utbygging på Flatøy.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Unn Jenny Utne Kvam
Unn Jenny Utne Kvam

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland (fmhopostmottak@fylkesmannen.no)
Hordaland fylkeskommune (regional@hfk.no)